



Songgruppa Singing Tweens, forsterka med Vegard Døssland på trompet. Eva Megyesi på klaver.

Frisk barnesong, musikk og trompetsolo gjer seg alltid på ei julegudsteneste. Songgruppa Singing Tweens, kantor Eva Megyesi og Vegard Døssland var alle med på og sette sitt preg på ei stemningsfull gudsteneste i ei mest fullsett kyrkje. Prestestudent, Nora Baartvedt, brukte den kjende russiske forfattaren, Leo Tols' stoj, Pappa Panovs juleforteljing i talen sin. Det handlar om Jesu rettferd, tilgjeving og det å sjå kvarandre.

Nora Baartvedt (25 år) er student ved Misjonshøgskulen i Stavanger, går 3. året på teologisk studie og har tre år att før ho kan bli ordinert til prest i Den norske kyrkja. Nora kjem frå Voss, har vore klokkar i kyrkja og er medlem i Bispedømerådet i Bjørgvin. Ho var henta til Kvinnherad for å hjelpa til med å få gjennomført alle gudstenestene på juleafta. Neste på programmet i dag var Enæs sokn.

Singing Tweens leiar av Nelly Kjærland og Eva Megyesi song heile 5 songar, to av dei med Vegard Døssland på trompet. To av songane er henta frå ein musikal, Julekantate, framført i Volda, - Stjerner i desember og Sjå eit lite barn er fødd. Tre songar er henta frå Livsglede 3 til Oslo Soul Children.



[Pretestudent, Nora Baartvedt frå Voss, var liturg på julegudstenesta i dag.](#)

Vegard Døssland, busett i Oslo og på juleferie i Uskedalen, framførte den mektige tyske komposisjonen Jesus Bleibet Meine Freude av Johann Sebastian Bach med tonefylgje av kantoren på orgel. Under offergangen framførte dei også Brorsonsalmen Mitt hjerte alltid vanker.



Vegard Døssland saman med kantor Eva Megyesi framførte mellom anna Jesus Bleibet Meine Freude av J.S. Bach.
Vikarpresten avslutta julegudstenesta i Uskedalen med desse orda: *Gå i fred, ten Herren og opna julegåvene med glede.*

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Mykje folk var samla i kyrkja i dag, på juleafta.